

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Leiaren av kontrollutvalet, **Inge Reidar Kallevåg (H)**, gjorde greie for innhaldet i revisjonsrapporten.

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken

### Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular i Hordaland» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. At pågåande ulovlege innkjøp ved skulane som er påpeikt i rapporten vert avslutta og gjennomført med konkurranse i samsvar med krava i regelverket. I dette ligg det også:
  - a) At det snarast vert etablert kontrollrutinar ved skulane for å avdekke og følgje opp eventuelle brot på rutinar og regelverk i innkjøpsarbeidet
  - b) Å utarbeide prosedyre for innhenting av tilbud frå fleire leverandørar, slik det er lagt opp til i retningslinjene, som einingane kan støtte seg på i gjennomføring av mindre innkjøp.
2. Å utarbeide retningsliner for dokumentasjon og kontroll av kontantsal, og sørkje for at kontantsal blir handtert i samsvar med krav i bokføringsforskrifta.
3. Å utarbeide:
  - a) Oversikter over varelager og rutinar for vareteljing
  - b) Oversikter over maskiner og utstyr
  - c) Eit formalisert system for utlån og utleige av maskiner og utstyr
  - d) Oppdaterte retningsliner knytt til utlån, utleige og avhending, og sikre at skulane vert gjort kjende med retningslinene
4. Å vurdere å innføre retningsliner knytt til kven som kan kjøpe inn varer ved skulane som omfattar:
  - a) Kven som har høve til å kjøpe inn varer og tenester til skulen, kva typar varer/tenester og beløpsgrenser
  - b) Krav til kva opplæring dei som har ansvar for innkjøp skal ha
5. Å vurdere å setja minimumskrav til opplæring for alle som har fullmakt til å gjennomføre anskaffingar, og vurderer om innkjøpsseksjonen i så fall bør få ansvar for å følgja opp minimumskrava til opplæring i fylkeskommunen.
6. Å vurdere om det er mogleg å finna betre metodar for å innhenta meir pålitelege data for måltalet «andel kjøp innanfor avtale»».
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.2.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.